



Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Breim 13.september 2016

TV-AKSJONEN NRK Røde Kors 2016 - OPPFORDRING TIL BIDRAG

Tusen takk for at Sogn og Fjordane Fylkeskommune si støtte til TV-aksjonen NRK i fjor. Vi er både glade og takknemlige for det gode samarbeidet med fylkeskommunen. Det er heilt avgjerande i mobiliseringa av bøssebærarar på aksjonsdagen 23. oktober. Over 98 % av Norges kommunar og fylker bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håper at de også i år vil gje eit pengebidrag til TV-aksjonen NRK Røde Kors 2016.

Årets TV-aksjon skal redde liv og gje omfattande helsehjelp til nokon av dei mest sårbare i verda – sivile ramma av krig og konflikt. Røde Kors er mange stader den einaste hjelpeorganisasjonen som slepper til med humanitær bistand, og har gjennom lokale frivillige tilgang til dei som elles ikkje får hjelp. Gjennom TV-aksjonen skal fleire menneske i krig og konfliktområder få livsviktig medisin, helsehjelp, reint vatn og mat. Behovet er enormt, og kvart bidrag er med på å redde liv.

Slik bidreg dykk enkelt: For å synleggjere det breie engasjementet frå alle landets kommunar og fylkeskommunar, registrerast alle bidrag på www.giverstafett.no. Når bidraget er registrert, blir faktura tilsendt umiddelbart på e-post. Registrerte og innbetalte beløp vil bli ein del av statistikken for vårt fylke på aksjonsdagen.

Vi håper dykk også i år ynskjer å støtte årets TV-aksjon.

Med vennleg helsing,

Kristin Sandal, fylkesaksjonsleiar

Mob: 95285015 - sognogfjordane@tvaksjonen.no